

14,4 grader på Friheim

01.12.2010



Kaldt øverst i dalen: 14,4 på Friheim og isen på Fjellandsbøvatnet blir stadig tryggare! (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Bjørg Inga Miljeteig melder at det klokka 8 var 14,4 grader på Friheim og dermed er det sikkert notert ny -rekord så tidleg på vinteren.**

**Men ingen sure miner av den grunn. Bjørg Inga har desse helsingorda:  
- Ha ein fin dag i kulda.!**

Men det er også kaldt nede ved fjorden. Til dømes var det 8,7 grader på Neset klokka 8 medan temperaturen der har vore nede i 9,4 i natt.

På Vestlandet er 14,4 grader verkeleg kaldt!. Her kjennast dei kalde gradane kaldare enn på Austlandet og kvifor det?  
Større luftfuktighet er ei forklaring og vind ein annan.

I utlandet og då  
ikkje minst i USA opererer dei gjerne med eit omgrep som heiter wind chill  
i varsle i radio og fjernsyn. Det er den følte temperaturen på utsett hud  
på grunn av vind og wind chill har vore omtala i fjernsynet dei siste dagane..

Det er mange formlar for wind chill fordi det ikkje  
er nokon universelt avtala standard for kva omgrepet skal bety.  
Metoden for berekning av wind chill har vore kontroversiell fordi ekspertane  
ikkje er samde om ein bør basere seg på heile kroppens kjøling iført  
passande klede eller lokal kjøling av den mest utsette huden, som i andletet.

Men det er ikkje tvil om at wind chill - altså temperatur pluss vind -  
gjev ei meir realistisk oppleving av  
temperaturen..

Av Ola Matti Mathisen